

---

Saksnr: 2020/51336-3  
Saksbehandlar: Anne Vedvik  
Dato: 18.05.2020

---

---

Til: SAMO - 03.06.2020

---

Frå: Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport

---

## Orientering om stopp i tildeling av drosjeløyve i Bergen køyreområde

### Gjeldande regelverk

Kunngjering og tildeling av ledige drosjeløyve i Bergen køyreområde er regulert i Drosjereglementet for Bergen køyreområde pkt. 3.1 tredje ledd. Ledige løyve vert kunngjort vår og haust, normalt i september og i februar. Det er gjennomsnittleg 50 søkjarar til ledige drosjeløyve i Bergen køyreområde ved kvar kunngjering.

Det vert tildelt drosjeløyve i Bergen køyreområde ein gong kvar månad etter høvesvis vår- og haustlista. Dette betyr at det vert tildelt etter vår-lista fram til haustlista er klar og omvendt. Juli er feriemånad og det er ingen tildeling denne månaden.

Drosjeløyva vert resirkulerte, dvs. at det ikkje vert tildelt nye løyve, berre løyve som er innleverte. Gjennomsnittleg vert det tildelt 4-5 drosjeløyve kvar månad. Er det ingen ledige løyve vert det ingen tildeling.

Drosjeløyve vert tildelt i samsvar med yrkestransportforskrifta § 43, dvs. etter ansiennitet. Ansienniteten vert fastsett i enkeltvedtak med klagerett.

Med gjennomsnittleg 50 søkjarar ved kvar tildeling, er det ein relativt omfattande prosess før ansiennitetslista er klar og tildelinga kan starta. Tildeling etter kunngjering i september, skjer normalt ikkje før i desember, medan tildeling etter kunngjering i februar først tar til i mai.

### Nytt drosjeregulering

Stortinget vedtok i juni 2019 å endra yrkestransportlova med forskrift når det gjeld regulering av drosjeløyve. Endringane skulle tre i kraft 1. juli 2020. M.a. fell behovsprøvinga av talet på drosjeløyve bort.

Som følgje av den komande lovendringa, vart det administrativt bestemte at ein ikkje skulle kunngjera ledige drosjeløyve i Bergen køyreområde våren 2020, men i staden tildela drosjeløyve etter haustlista for 2019, heilt fram til nytt regelverk trer i kraft. Drosjesentralane i køyreområde vart orientert om avgjerda.

Det har vore relativt mange innleverte drosjeløyve i perioden. Etter tildelinga i mai 2020 er det ikkje fleire søkjarar att på ansiennitetslista.

### Følgjer av korona-krisa og utsett regelverk

Korona-krisa som råka landet mars 2020 har ført til total svikt i drosjemarknaden og forseinking i fylkeskommunane si førebuing til nytt regelverk. Det nye regelverket vert derfor utsett til 1. november 2020.

Utsetjinga av det nye drosjereguleringa fører til at det ikkje vert tildelt drosjeløyve i Bergen køyreområde i ein periode på 5 månader. Løyvetalet i køyreområde vert då nedbygt før frisleppet.

Fylkesdirektøren har vurdert ny kunngjering av ledige drosjeløyve i Bergen køyreområde, men har kome til at dette ikkje er hensiktsmessig. Ved eventuell kunngjering i mai og med normal søknadsfrist på 4 veke, vil det ikkje vera mogleg å fatta vedtak om ansiennitet før sommarferien. Ansiennitetsvedtaket kan neppe ferdigstillast før i august. Etter at klagefristen er ute, kan første tildeling sannsynlegvis finna stad i månadsskifte september/oktober, dvs. om lag 1 måned før behovsprøvinga vert oppheva.

Sett i lys av den totale svikten i drosjemarknaden som følgje av korona-krisa, ein generell overkapasitet i drosjemarknaden i Bergen dei siste åra, samt frislepp av drosjeløyve som trer i kraft 1. november 2020, finn fylkesdirektøren at det ikkje er hensiktsmessig å kunngjera ledige drosjeløyve i Bergen køyreområde før nytt regelverk trer i kraft.